

Helsefellesskap

Nyheitsbrev for helsefellesskap er laga for at helsefellesskapa skal kunne dele nyheiter og prosjekt med kvarandre samt datoar og informasjon om aktuelle møte og konferansar. Nyheitsbrevet inneheld òg informasjon og nyheiter frå Direktoratet for e-helse, KS, RHF-ane og Helsedirektoratet. **Vi planlegg å sende neste nyheitsbrev i september, og fristen for innspel er 01.09.23.** Innspel eller andre førespurnader om nyheitsbrevet kan de sende til kathrine.syse@helsedir.no. Juni er nynorskmandad i Helsedirektoratet. Tekstane er difor skrive på nynorsk.

Sjukehusutvalet sin utgreiing er ute på høyring

Sjukehusutvalet sin utgreiing er no ute på høyring og har høyringsfrist 30.06.23. Utgreiinga vier eit heilt kapittel (kap. 6) til helsefellesskap og samhandling med kommunehelsetenesta. Utgreiinga omtalar mellom anna finansieringsordningar for helsefellesskap.

Lenke til høyring: [Høyring – NOU 2023: 8 Fellesskapets sykehus. Styring, finansiering, samhandling og ledelse](#)

Lenke til utgreiinga: [NOU 2023: 8 - Fellesskapets sykehus](#)

“Bedre i lag” – seminarkonsept om samhandling

Helsefellesskapet i Troms og Ofoten, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark og Nordland, Mental Helse, RIO, kommunar, spesialisthelsetenesta og NAPHA har arrangert fysiske samlingar i Harstad, Finnsnes, Tromsø og Nordreisa. Seminarkonseptet «Bedre i lag» set søkelys på samhandling. Målet er å skape meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester til menneske med alvorlege psykiske helse- og rusutfordringar, som treng tenester frå begge nivå.

– Å delta på «Bedre i lag» har gitt innsikt i utfordringar og ressursar i praksisfeltet, noko som er verdifullt for arbeidet som gjerast i Helsefellesskapet, både i sekretariatsfunksjonen, og på det operative nivået, seier Marit Bergh, sekretariatsfunksjon for Helsefellesskapet i Troms og Ofoten.

Les meir om erfaringane til deltakarane og seminarkonseptet her:

<https://napha.no/content/26345/a-fysisk-mote-hverandre-utgjor-en-forskjell-for-samhandlinga>

Felles anskaffing for kommunane i Helsefellesskapet Østfold

Sju kommunar i Helsefellesskapet Østfold har, i samarbeid med fastlegar og sjukehuset i Østfold, delteke i spreiding av digital heimeoppfølging (DHO) i regi av Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Kommunane har nettopp gjennomført ei felles anskaffing av system for digital heimeoppfølging og rammeavtale på medisinteknisk utstyr knytt til digital heimeoppfølging, for automatisk registrering av målingar.

Alle kommunar i helsefellesskapet er med i anskaffinga, anten som part i avtalen eller på opsjon. Sjukehuset har tidlegare gjennomført ei eiga anskaffing, og er difor ikkje med denne gongen. Kommunane får no *éi* samla løysing. I arbeidet med anskaffinga blei det nedsett ei arbeidsgruppe som fekk fullmakt frå dei andre, framfor å ha ein prosess der alle blei med på alt.

For anskaffinga blei det etterspurt:

- Eit oppfølgingssystem for administrasjon og til bruk for helsepersonell
- Ein app til bruk for pasientane som skal følgjast opp
- Medisinsk måleutstyr som ein kan nytte til enkle målingar heimanfrå (rammeavtale)

Det blei og stilt krav til at det skulle vere mogleg med dynamisk eigenbehandlingsplan og at endringar kan godkjennast på riktig nivå før det blir publisert til pasienten. Det skulle òg vere mogleg å lage malar. Det blei ønska utstyr og plattform frå same leverandør slik at dei kunne forhalde seg til éin aktør ansvarleg for heile verdikjeda. Anskaffinga blei lagt ut som anbod med forhandling og det gav moglegheit for å stille spørsmål, noko som blei oppfatta som nyttig i prosessen. Ein planlegg ei felles oppfølgingsteneste for pasientar med DHO for kommunane i Østfold.

Retningslinjer for legesamarbeid

Helse Nord-Trøndelag har utarbeida retningslinje for legesamarbeid i helsefellesskap. Retningslinja er publisert på samhandlingssidene til Helse Nord-Trøndelag og er å finne her: [Retningslinjer for legesamarbeid og oppgavedeling mellom kommunane og HNT - Revidert 26.09.2021.pdf](#)

Nasjonal konferanse: Læring og meistring 2023 – fag og erfaring for auka helsekompetanse og livskvalitet, Oslo 21-22 november

I helsetenestene i framtida må ein ta eit større ansvar for seg sjølv. Kva for føresetnader må vere til stades for at vi kan ta ansvar for og ta vare på eiga helse? På denne konferansen vil de høyre meir om moglegheiter og utfordringar i samarbeidd mellom ulike fag, samt erfaringar med å leggje til rette for læring og eigenmeistring i helsetenesta. [Les meir og meld deg på her.](#)

Samhandlings- og utviklingsprosjektet Vitality – integrerte helsetenester i Vestfold.

I nyheitsbrevet for [april 2022](#) skreiv vi om prosjektet Vitality, som er eit prosjekt med «skrøpelege eldre» som målgruppe. Prosjektet fokuserer på å kartlegge to hovedgrupper pasientar; forsterka oppfølging av pasientar som lever med veldig mild – moderat skrøpelegheit etter utskrivning frå sjukehus, og eit helsestasjonstilbod for eldre som søker kommunale omsorgstenester.

WHO har med ICOPE laga eit omfattande og grundig rammeverk knytt til utvikling av integrerte helsetenester for eldre. Vi har, basert på dette arbeidet, utvikla ei kartleggingspakke for tidleg oppdaging og identifisering av «skrøpelegheit». Målet er at målretta individualiserte tiltak kan gi redusert behov for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i kommunar og sjukehus.

Kontaktperson: Prosjektleder Marte Wang-Hansen marte.wang-hansen@siv.no

Likeverdige partnerar i helsefellesskapa – Webinar

Senter for e-helseforskning arrangerte eit webinar 26. mai med tema helsefellesskap, likeverdige partnerar og at kommunar og sjukehus må dra i same retning til det beste for pasientane. Webinaret er ein del av ei webinarserie om digital heimeoppfølging.

- Sjølv webinar er her: [Likeverdige partnere i helsefellesskapene](#)
- Webinarserien er her: [Digital hjemmeoppfølging](#)

Viktige datoar

21. – 22. september - [Folkehelsekonferansen 2023, Tromsø – Alle løfter alle – et raust og robust samfunn!](#)
23. – 24. oktober – Den 8. norske kongress i aldersforskning - [Aldring i en ny tid](#)
21. – 22. november - [Nasjonal konferanse: Læring og mestring 2023](#) – fag og erfaring for auka helsekompetanse og livskvalitet.
23. – 24. november - [Pasientsikkerhetskonferansen 2023](#)
02. og 03. november 2023: [Helsetjenesteforskningskonferansen 2023](#)
07. – 08. november 2023: Helseberedskapskonferanse (Tromsø. Påmelding og program kjem snart)

Nytt frå Direktoratet for e-helse

Reguleringsplan for e-helse gir betre oversikt over krav og anbefalingar

Direktoratet for e-helse har laga ein reguleringsplan for e-helse som gjer det enklare å få oversikt over krav og tilrådingar for digitalisering i helse- og omsorgssektoren. Planen viser krav og tilrådingar for digital samhandling på utvalde områder.

I fyrste omgang inneheld reguleringsplanen krav og tilrådingar på to område; innsyn i journaldokument og kritisk informasjon. Her finst oversikt over juridiske rammer, retningslinjer og rettleiarar, og standardar, IKT-arkitektur, kodeverk og terminologi.

Reguleringsplanen gir og oversikt over tilgjengelege samhandlingskomponentar og nasjonale e-helseløysingar. Dette er løysingar som støtter utveksling og deling av informasjon mellom ulike IKT-system.

Meir informasjon finns her: <https://www.ehelse.no/reguleringsplan>

Plan for digitalisering på legemiddelområdet skal bidra til auka samhandling og koordinering. Saman med mange av aktørane i helse- og omsorgssektoren, har Direktoratet for e-helse utarbeida ein plan for digitalisering på legemiddelområdet.

Planen tar mellom anna utgangspunkt i nasjonal e-helsestrategi og består av fire målområde (innbyggjarmedverknad, arbeidsprosessar, data om legemiddelbruk og samhandling). Desse utgjer ei felles retning for digitalisering på legemiddelområdet, mens dei fem tiltaksområda (pasienten sin legemiddelliste, digital legemiddelhandtering i kommunal helse- og omsorgssektor, kritiske legemiddelreaksjonar, legemiddelgrunndata og data om legemiddelbruk) skal bidra til å nå måla både i planen og ny nasjonal e-helsestrategi. Samtidig er fleire nasjonale initiativ som vil kunne medføre behov for oppdatering av planen i gong. Over femti aktørar sende inn svar då planen var på høyring.

Meir informasjon om planen her: [Plan for digitalisering på legemiddelområdet](#)

Nytt frå Helsedirektoratet

Rettleiar for samarbeidsavtalar

Helsedirektoratet har fått mange innspel til utkastet til rettleiar i høyringsrunden som blei avslutta 31.03.23. Det jobbast med oppfølging og forbetringar i rettleiaren som følgje av innspela.

Helsedirektoratet har ein ambisjon om at siste utkast til rettleiar skal bli behandla i Helsedirektoratet sitt retningslinjestyre før sommaren slik at publiseringa av den godkjende rettleiaren kan skje i juli 2023.

I høyringsbrevet blei det opplyst om at frist for innarbeiding av dei nye punkta i lovteksten i samarbeidsavtalane var 01.07.23. Det er avklart nærare med departementet, og ettersom det nye innhaldet i lova har vore gjeldande frå 01.08.22, blir det ikkje sett ein frist for revisjon av samarbeidsavtalane, anna enn at ein føresett at dette vert gjennomført så snart som mogleg.

Helsedirektoratet beklagar at arbeidet med å revidere rettleiaren er betydeleg forsinka.

Kontaktpersonar: Wenche.Charlotte.Hansen@helsedir.no og rolf.j.windspoll@helsedir.no

Helsedirektoratet har sendt ut brev til statsforvaltarane i landet der ein tydeleggjer rolla som arbeid-/utdanningsspesialist i ACT-/FACT- og FACT ung-team.

I ACT-/FACT- og FACT ung-teama er rolla som arbeids-/utdanningsspesialist ein sentral del av teamet. Stillinga som arbeids-/utdanningsspesialist i ACT-/FACT- og FACT-ung blir utøvd etter modellen. Det vil seie at stillinga inngår som ein del av den integrerte, samanhengande og heilskaplege oppfølginga gitt av teamet.

Rolla inneber ei brei tilnærming til arbeid og utdanning, med utgangspunkt i pasientane/brukarane sine ynskjer. Det vil seie at ein hjelp til mellom anna med meistring og deltaking i ordinært arbeid og utdanning, og gir pasientar og brukarar moglegheiter for meningsfulle aktivitetar og ulike arbeidsretta tiltak. I tråd med modellen for ACT-/FACT- og FACT-ung, skal ein leggja ei recovery-orientert tilnærming til grunn.

Arbeids-/utdanningsspesialistane skal ha ei miljøterapeutisk rolle og dei skal yte helsehjelp på linje med dei andre tilsette i teamet, men har og eit særleg fokus på aktivitet og rehabilitering til arbeidsdeltaking og utdanning.

For meir informasjon:

- [Forklaring av rollen som arbeids- utdanningsspesialist.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#)
- [Ny presisering fra Helsedirektoratet gir arbeids- og utdanningsspesialister mulighet til å jobbe i helsetjenesten - NAPHA Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid](#)

Styringsinformasjon skrøpelege eldre

Helsedirektoratet har utarbeidd ein rapport om styringsinformasjon for pasientgruppa skrøpelege eldre. Rapporten viser dei skrøpelege eldre sin bruk av kommunale helse- og omsorgstenester og tenester i somatiske sjukehus. Rapporten, med tal frå 2021, viser variasjonar i nytte av helsetenester etter funksjonsnivå, alder, region og helsefelleskap, og i nokre tilfelle gjerast samanlikningar mot ikkje-skrøpelege eldre i same aldersgruppe. Analysen viser mellom anna at funksjonsnivå har mykje å seie for skrøpelege eldre sin bruk av tenester. Blant dei med svært dårleg funksjonsnivå var om lag tre av fire på langtidsopphald i institusjon i løpet av 2021. Til saman var 69 prosent av dei skrøpelege eldre i kontakt med somatiske sjukehus i 2021. Dei skrøpelege eldre tok imot meir ressursar i sjukehus enn andre pasientar i same aldersgruppe, dei hadde lengre gjennomsnittleg opphaldstid, og det var meir utbreidd med reinnlegging og fleire opphaldsdøgn som utskrivingsklar pasient blant skrøpelege eldre.

Rapporten finns/skal publiserast her: [Bruk av tjenester i kommunene og somatiske sykehus blant skrøpelige eldre](#)

Nyheitsak om rapporten: [Skrøpelege eldre har store ressursbehov](#)

Tidlegare rapport finns her: [Styringsinformasjon til helsefelleskapa - Skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar](#)

Oppdatert retningslinje for akuttmottak

Retningslinja for akuttmottak har mange endringar samanlikna med den tidlegare retningslinja frå 2014, mellom anna auka merksemd på kapasitet i akuttmottaka. Retningslinja er no oppdatert og under implementering. Helsedirektoratet har og sendt brev til dei regionale helseføretaka og interessentar om at ein oppdatert versjon er publisert. Det er laga ei nyheitssak om retningslinja på Helsedirektoratet sine nettsider: [Oppdatert retningslinje for akuttmottak - Helsedirektoratet](#) og retningslinja finst her: [Somatiske akuttmottak - Helsedirektoratet](#)

Nasjonal fagleg retningslinje for førebygging og behandling underernæring er nyleg revidert
Nasjonal fagleg retningslinje for førebygging og behandling av underernæring vart revidert i 2022.
Den største endringa i retningslinja er at Helsedirektoratet no anbefaler *eitt* verktøy, MST
(Malnutrition Screening Tool) for vurdering av risiko for underernæring på tvers av alder, diagnosar
og tenestenivå. Andre tema i retningslinja som kan vere relevant for helsefelleskapa er mellom anna
tilrådinga om vidareformidling av ernæringsrelevant informasjon mellom tenestenivå, behandlarar
og institusjonar, og tilrådinga om organisering og forankring av ernæringarbeidet. Nær alle
tilrådingane i retningslinja er grunnlagt i lov og forskrift.

[Les retningslinja og tilrådingane her.](#)

Kontaktperson: Henriette Walaas Krogh, henriette.walaas.krogh@helsedir.no

Nytt frå KS

Kva er viktig for deg? – dagen

"Kva er viktig for deg?" – dagen» blir markert i heile landet tysdag 6. juni.

Eksempel og verktøy ligg her: [Kva er viktig for deg? - KS](#) og på same nettside vil det bli lagt ut eit webinar som kan bli brukt i markeringa lokalt.

Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp

KS gjennomfører satsinga Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI). Formålet er å støtte kommunane og helseføretaka i å gjere overgangane i pasientforløpa betre, og å sikre brukarane sine behov for å møte heilskaplege, trygge og koordinerte tenester.

Les meir her: [Gode pasientforløp - KS](#)

Nettsider

Høyringar

Sjukehusutvalet sin utgreiing – frist 30.06.23. Lenke: [Høring - NOU 2023: 8 Fellesskapets sykehus. Styring, finansiering, samhandling og ledelse](#)

Tilskot

[Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbud](#)
[Sekretariatsfunksjon for kommunene i helsefelleskap](#)

Anna

[Helsefelleskap - Helsedirektoratet](#) – På temasida for helsefelleskap kjem det fleir eksemplar på tenestemodellar/team dei neste vekene
[Styringsinformasjon til helsefelleskapene](#)
[Frisklivssentraler](#)

Gjekk du glipp av dette?

1-2 februar 2023 - Opptak frå [Helseinnovasjonskonferansen](#)

31. mai 2023 – Opptak frå [Fastlegekonferansen](#)

26. mai 2023 – Webinar med tema [Likeverdige partnere i helsefelleskapene](#)